

**Instruks til tilbydar**  
Open tilbodskonkurranse etter  
FOA del I og II  
for anskaffing av

**Totalentreprise –  
Oppgradering av uteområdet  
Ågotnes skule**



## Innhold

1 GENERELL SKILDRING.....	3
1.2 Kommunikasjon med oppdragsgjever .....	3
1.3 Formålet med anskaffinga .....	3
1.4 Deltilbod og alternative tilbod.....	4
1.5 Viktige datoar.....	4
1.6 Oppbygging av konkurransegrunnlaget .....	4
1.7 Atterhald om løyve eller finansiering .....	5
1.8 Tilbodssynfaring .....	6
2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....	6
2.1 Anskaffingsprosedyre .....	6
2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår .....	6
2.3 Offentlegheit og teieplikt .....	6
2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysninger .....	7
3 KVALIFIKASJONSKRAV .....	7
3.1 Underleverandør/støtte frå andre verksemder .....	7
3.2 Obligatoriske krav .....	7
3.3 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling .....	8
3.4 Leverandøren sin økonomiske og finanzielle kapasitet .....	8
3.5 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren .....	8
4 TILDELINGSKRITERIUM.....	9
5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming .....	11
5.2 Utforminga av tilbodet.....	11
5.3 Språk .....	11

## 1 GENERELL SKILDRING

Om oppdragsgjever

Øygarden kommune er den nest største kommunen i Vestland fylke med omlag 40 000 innbyggjarar og 2 500 tilsette. Straume er kommunesenter (ca. 15 minutt køyring frå Bergen) med kommunedelsenter på Rong og i Skogsskiftet.

Sjå <https://www.oygarden.kommune.no/> for ytterlegare informasjon.

### 1.2 Kommunikasjon med oppdragsgjever

Oppdragsgivars kontaktperson for anskaffinga er:

Namn:	Christian Rikheim Sundelin
-------	----------------------------

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen via kommunikasjonsmodulen i konkurranssegjennomføringsverktøyet Mercell.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjever angåande tilbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

### 1.3 Formålet med anskaffinga

Ågotnes barneskule ligg på Ågotnes i Øygarden kommune. Skulen blei oppført i 1981, men har vore gjenstand for fleire ombyggingar og utvidingar, den seinaste i 2005. Skulen har ca. 340 elevar og kring 45 tilsette.

Oppdragsgjever ønskjer pris på Oppgradering av uteområdet ved Ågotnes skule. Prosjektet vert organisert som ei totalentreprise etter NS 8407

Tiltaket er beskrive i Bilag 3- prisskjema med mengde- og funksjonsbeskriving og i kravspesifikasjon. Der vert det skildra nærmare kva slags element som skal fornyast og prisast i tilbodet.

Det aktuelle bygget inneholder ein barneskule, med tilhøyrande gymsal og symjehall. Både skuledrift, SFO, og drift av symjehall må oppretthalda normal drift under utbetring, og arbeidet må derfor planleggjast med tanke på dette. Konsekvensar av dette skal være inkludert og prisa i tilbodet.

Totalentreprenør må som ein del av tilbodet sitt legge fram ein forenkla framdriftsplan der han angir mogleg oppstarts- og ferdigstillingsdato.

## Tiltakshavar

Øygarden kommune  
Ternholmvegen 2  
5337 Rong

## Byggeplass

Gnr./bnr.: 27/128

Adresse: Hamramyra 10,  
5363 Ågotnes

## 1.4 Deltilbod og alternative tilbod

Det er ikke høve til å gi tilbod på delar av oppdraget. Det er ikke tilgang til å gje alternative tilbod. Alternative tilbod vil derfor verte handsama som tilbod med avvik frå konkurransegrunnlaget.

## 1.5 Viktige datoar

Oppdragsgivar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering sendt til Doffin	25.04.2024
Tilbodssynfaring	07.05.2024 kl. 09:00
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	09.05.2024 kl. 12:00
<b>Frist for å levere tilbod</b>	22.05.2024 kl 12:00
Evaluering og eventuell dialog	Uke 21-22
Val av leverandør	29.05.2024
Karensperiode utløp	10.06.2024
Kontraktsinngåing	11.06.2024
Vedståingsfrist for tilbodet	2 mnd etter tilbodsfrist
Oppstart byggjeplass	22.06.2024

Det blir gjort merksam på at tidspunktet etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 1.6 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget er bygd opp av følgjande dokument:

**Del 1** inneholder konkurranseregler og dokument knytt til gjennomføringa av konkurransen.

Vedlegg	Dokumentnamn
	Instruks til tilbydar(dette dokumentet)
Vedlegg 1	Tilbodsbrev
Vedlegg 2	Eigenerklæring kvalifikasjonskrav
Vedlegg 3	Eigenrapportering løns- og arbeidsvilkår
Vedlegg 4	Forpliktingserklæring
Vedlegg 5	Referanseskjema

**Del 2** inneholder avtaledokument med vedlegg.

Vedlegg	Dokumentnamn
	Avtaledokument NS 8407
Bilag 1a	Oppdragsgivers spesifikasjon
Bilag 1b	Rigg og drift
Bilag 1c	SHA plan Ågotnes skule
Bilag 1d	LARK Plantegning
Bilag 1e	Detaljtegning
Bilag 1f	Fremdriftsplan
Bilag 1g	Riggplan
Bilag 2	Leverandørens tilbod
Bilag 3	Prisskjema med mengde- og funksjonsbeskriving
Bilag 4	Administrative forhold
Bilag 5	Endringar i NS 8407
Bilag 6	Endringar etter kontraktsinngåinga
Bilag 7	Løsningsskildring Miljø

I konkurransegrunnlaget inngår også eventuelle justeringar av konkurransegrunnlaget publisert i Mercell, samt referat frå tilbodssynfaring.

Anskaffingas estimerte verdi er ca. NOK 3 750 000 ekskl. mva.

## 1.7 Atterhald om løyve eller finansiering

Oppdragsgjevar tek atterhald om å avlyse konkurransen underveis i anskaffingsprosessen, og heilt eller delvis forkasta tilbod, dersom det ligg føre sakleg grunn for dette. Årsaker til dette kan vere:

- Mangel på politisk godkjenning, eller manglende finansiering av prosjektet.
- Avlyse konkurransen og lyse ut ein ny, dersom kommunestyre vedtar å gjennomføre prosjektet med eit anna innhald/storleik
- Dersom det ikkje blir gjeve naudsynte tillatingar i det aktuelle området frå grunneigarar og/eller andre offentlege myndigheter

- Dersom tilboda overstig dei økonomiske rammene for prosjektet.

Ei slik avlysing gjev ikkje tilbydarane krav på erstatning for utgifter knytt til anskaffinga.

## 1.8 Tilbodssynfaring

Det vert tilbodssynfaring med påfølgjande spørsmålsrunde. Leverandørane oppfordrast til å gjennomgå konkurransegrunnlaget grundig før tilbodssynfaringa, og notere ned skriftlege spørsmål i god tid.

Det vert ført referat frå synfaringa som vert distribuert via Mercell. Referatet vert ein del av konkurransegrunnlaget.

Tid og stad er satt under kap.**1.5 viktige dataar**

# 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

## 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12.august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og del II. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 83.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer det som formålstenleg. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må leve sitt beste tilbod.

Leverandøren blir på det sterkeste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt.

## 2.2 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakta vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

## 2.3 Offentlegheit og teieplikt

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningsar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og forvaltningslova § 13.

## 2.4 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysninger

Eventuelle rettingar, suppleringer eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har meldt si interesse i Mercell. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg via kommunikasjonsmodulen i Mercell.

## 3 KVALIFIKASJONSKRAV

Manglende oppfylling av kvalifikasjonskrav vil medføre avvisning fra konkurransen, jf. FOA § 9-5 (1) a.. Kravene under (3.2-3.5) dokumenterast i Mercell med vedlegg:

### 3.1 Underleverandør/støtte frå andre verksemder

Dersom tilbydaren er avhengig av å støtte seg på ein underleverandør sine kvalifikasjonar for å oppfylle eit eller fleire tekniske/faglege kvalifikasjonskrav, eller for å oppfylle krava til økonomisk og finansiell kapasitet, skal det opplysast om dette i tilbodet.

Leverandøren må også levere ei forpliktingserklæring frå underleverandørane der det vert bekrefta at underleverandøren vil stille til rådighet dei ressursane som leverandøren treng for å bli kvalifisert. Dersom leverandøren støttar seg på anna verksemder for å oppfylle krava til økonomisk eller finansiell kapasitet skal verksemda si stadfesting av solidaransvar ovanfor leverandøren gå fram av erklæringa.

### 3.2 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	<u>Utvida</u> attest for skatt og meirverdiavgift. Attesten skal ikkje vere eldre enn 2 månader rekna frå tilbodsfrist. Attesten fåast elektronisk i Altinn. For nærmare informasjon, sjå Skatteetaten.no.

### **3.3 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling**

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Firmaattest.

### **3.4 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet**

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratingen skal ikkje vere meir enn 3 mnd gammal. Kapasiteten vurderes ut fra en helhetsvurdering basert på følgende parametere: resultatgrad, likvidtetsgrad, soliditet,gjeldsgrad og omsetning.

### **3.5 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren**

Krav	Dokumentasjonskrav
1. Leverandøren skal ha god erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.  Det vil seie: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Totalentrepriser</li> <li>• Arbeid på bygg som er i full drift medan arbeid pågår, t.d skular, barnehagar</li> </ul>	Skildring av leverandøren sine 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysningar om: <ol style="list-style-type: none"> <li>Namn og kontaktinformasjon oppdragsgjevar</li> <li>Prosjektnamn</li> <li>Art, storleik, kostnad og kompleksitet med omsyn til utføring, logistikk og framdrift</li> <li>Tidspunkt (frå/til)</li> </ol>
Krav	Dokumentasjonskrav

	<p>e) Kva leveransar leverandøren stod for/leverandøren si rolle i prosjektet.</p> <p>f) Entrepriseform</p> <p>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nyte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.</p> <p>Nytt mal for referanseskjema vedlagt, sjå vedlegg 5.</p>
2. Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og gjennomføringsevne	<p>Oversikt over leverandørens totale bemanning, samt oversikt over talet årsverk, med kompetanse for spesielle/viktige fagområde for gjennomføring av denne kontrakten.</p> <p>Det skal gjerast greie for korleis leverandøren vil sikra tilstrekkeleg kapasitet for dette oppdraget. Det skal m.a. leggjast fram ein bemanningsplan for oppdraget som viser talet eigne tilsette, innleigde, underentreprenørar med meir.</p>
3. Leverandøren skal ha tilfredsstillande rutinar for kvalitetssikring	<p>Ei skildring av leverandøren sine metodar for kvalitetssikring. Dersom leverandøren er sertifisert etter ISO 9001 eller tilsvarende standardar vil det vera tilfredsstillande å leggja fram kopi av gyldig sertifikat</p>

## 4 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen.

Vurderingstema:	Vekt	Krav til dokumentasjon:
<b>Pris/kostnad:</b>  Under dette kriteriet vert vurdert: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Total tilbodssum</li> </ul>	60%	Ferdig utfylt vedlegg 3 Prisskjema

<b>Miljø , pkt 4 i oppdragsgivars spesifikasjon</b>	30%	Utfylt Skjema  Løsningsskildring miljø Vedlegg 6
Kontrakten skal gjennomførast med minst mogleg direkteutslepp frå køyretøy og maskinar.  Tilbydar skal fylle ut forpliktande liste over alle køyretøy og maskinar som skal nyttast på anleggsområde.  Lista skal beskrive drivstofftype, køyretøyvekt og timer brukt innanfor kontrakten.  Grad av utsleppsfreiheit er forpliktande, men det er rom for å skifte ut køyretøy/maskinar eller endre prosentvis bruk av dei ulike maskinane så lenge grad av utsleppsfreiheit oppretthaldast eller forbetrast.		
<b>Framdriift</b>  Under tildelingskriteriet «Framdrift» vil oppdragsgivar legge vekt på mest mogleg utføring av arbeid i perioden 22.06-15.08) samt kortast mogleg total anleggstid.	10%	Jf. Bilag 1b Rigg og drift pkt. 1.1  Utfylt framdriftsplan (Bilag 1f) (med eventuelle tekstvedlegg) vedleggas Bilag 2 Leverandørens Tilbod.

Mottekne tilbod vil bli evaluerte i tråd med dei kriteria som kjem fram i tabellen ovanfor. Ved evaluering av tildelingskriteria, vil me Oppdragsgiver etter beste skjønn vurdera kvart enkelt tilbod for kvart kriterium.

Evaluering av pris: Det blir nytta ein skala frå 0-10 kor lågaste pris blir gitt 10 poeng.  
Karakterane blir settet etter ei forholdsmessig berekning.

Evaluering av Miljø: Tilbod vil bli evaluert basert på grad av utsleppsfreiheit i prosent. Drivstoffteknologiar som er batterielektrisk, eller basert på hydrogen og biogass tel lik. Ved evaluering vil køyretøy vektast ved å multiplisere prosentdel bruk av køyretøy under 8 tonn med 1, 2 for køyretøy mellom 8 og 20 tonn, og 4 for køyretøy over 20 tonn. Basert på dette gjerast nye berekningar på del utsleppsfreiheit.

Evaluering av Framdrift: Vurderinga av desse kriteria er baserte på ei heilskapsvurdering baserte på dei momenta som er spesifisert i ovannemnde beskriving /vurderingstema er lagt til grunn. Det blir gitt poeng på ein skala frå 0 til 10, der 10 er best. Det tilbodet som blir vurdert som best under kvart kvalitetskriteria oppnår 10 poeng.

## 5 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

### 5.1 Innlevering av tilbod

Tilboden skal leverast via Mercell.

### 5.2 Utformingen av tilboden

Tilboden skal leverast etter den utformingen det elektroniske systemet for innlevering angir.

Tilboden skal utformast med denne disposisjonen:

- **Tilbodsbrev vedlegg 1**
- **Utfylt Bilag 2 Leverandørens tilbod**
- **Utfylt Bilag 3 Prisskjema**  
med mengde og funksjonsbeskriving (i excel og pdf)
- **Utfylt Bilag 7 Løysingskildring miljø**
- **Framdriftsplan Bilag 1f jfr. pkt. 1.1 i Bilag 1a Rigg og drift**
- **Eigenrapportering løns- og arbeidsvilkår**
- **Eventuell forpliktigserklæring ved nytte av underleverandørar**
- **Egenerklæring kvalifikasjonskrav.**

**Kvalifikasjonskriteriane pkt 3.2.-3.5(1-3) skals svarast ut i Mercell med vedlegg.**

### 5.3 Språk

Tilboden skal leverast på norsk. Kommunikasjon elles i prosjektet skal også skje på norsk.